

Årsrapport hjort – Samnanger kommune 2024:

Overordna forvaltningsmål


Kommunen har formelt ikkje fastsett forvaltningsmål som dei no arbeider med å få på plass med det første. Den kommunale forvaltninga dei seinare åra har vore gjort utifrå å fylge dei overordna forvaltningsmåla i nabokommunen Bjørnafjorden - [Hjorteviltstrategi Bjørnafjorden kommune - 2023 - 2033](#)

Dei overordna forvaltningsmåla som er fastsett der er :

- Hjortepopulasjonen skal reduserast
- Forbetre kjønnsfordelinga med meir vaksne hanndyr i høve hodyr – Sett kolle per bukk < 1,5
- Auke gjennomsnittlege slaktevekter for dei ulike årsklassane

Avskyting og bestandsutvikling 2010 – 2024:

Tildelte og felte hjort i perioden




Figur 1 viser tildelte fellingsløyve og tal felte hjort på venstre akse og fellingsprosent på høgre.

Både tildeling av fellingsløyve og avskytinga har auka ein god del dei 2 siste åra. Avskytinga har ikkje heilt klart å fylgje auken i tildelingar men er auka frå 196 felte hjort i 2022 til 243 i 2024 noko som tilsvrar ein auke på nær 20 %.




Andel kalv og ungdyr i jaktuttaket



Figur 2 viser kor stor del kalv og ungdyr har utgjort i % av det samla jaktuttaket.

Kalv har utgjort ein aukande del av jaktuttaket dei seinare åra og har for dei 2 siste åra utgjort 29,4 % av det totale jaktuttaket som er like under målet om minst 30 %. For fjorkolle er målet at det skal utgjere 18 – 20 % av jaktuttaket og det har dei 2 siste åra utgjort 15,7 % som då er noko under målsetjinga. Spissbukk har utgjort 16,9 % som er noko over avskytingsmålet om at det skal utgjere maksimalt 15 %.

Eldre dyr i jaktuttaket




Figur 3 viser andelen eldre dyr i jaktuttaket i % av samla jaktuttak.

For eldre dyr så har avskytingsplanen i forvalningsstrategien mål om at eldre hodyr skal utgjere over 25 % og eldre hanndyr mindre enn 12 % av det totale jaktuttaket. Eldre hodyr har utgjort ein aukande del av jaktuttaket og eldre hanndyr ein minkande del dei siste åra så utviklinga har vore positiv i høve



måla. For dei 2 siste åra har eldre hodyr utgjort 21,6 % og eldre hanndyr 16,3 % så ein er framleis eit lite stykke frå avskytingsmåla.

Kjønnsfordeling i samla jaktuttak




Figur 4 viser fordeling av jaktuttaket på kjønn for alle årsklassar samla.

Fordelinga av jaktuttaket på kjønn har vore varierande for perioden, for dei 2 siste åra så har hanndyr utgjort 47,7 % av det totale jaktuttaket og hodyr 52,3 % så ein er innafor i høve dette målet. For heile perioden 2010 – 2024 har fordelinga av jaktuttaket vore omtrent likt fordelt med 50,3 % hanndyr og 49,7 % hodyr.

Data frå Sett hjort registreringar:


Sett hjort per jegerdag:



Figur 5 viser Sett hjort pr jegerdag i utmark på venstre akse og tal felte hjort på høgre.




Trenden (stipla line) for Sett hjort per jegerdag er aukande for heile perioden trass i auka jaktuttak. Dette tyder at det lenge har vore god vekst i bestanden og at jaktuttaket har vore mindre enn tilveksten.



Figur 6 syner indeksen for Sett hjort per jegerdag for perioden 2019 - 2024

For dei siste 5 åra er det og god auke i indeksen trass i aukande jaktuttak. I høve målsetjinga om å redusere bestanden er det ikkje teikn til at ein har klart det.

Sett kolle per bukk:




Figur 7: viser indeksen for Sett kolle pr bukk

Indeksen for Sett kolle per bukk er med litt årlege variasjonar nokolunde stabil noko som samsvarar med fordelinga av jaktuttaket som lenge har vore jamt fordelt mellom kjønna. Dette tyder at det



ikkje har skjedd noko endring av kjønnsfordelinga i høve målsetjinga om å få meir hanndyr i høve hodyr. Indeksen er og høg og ligg godt over målsetjinga om å få indeksen til 1,5 eller lågare.


Slaktevekter for kalv



Figur 8: syner gjennomsnittlege slaktevekter for kalvar registrert i Samnanger

Det har vore registrert slaktevekter i kommunen sidan 2011. Det er einskilde år vekter for få dyr som gjer at dei varierer ein del og at t.d. hokalvar har høgre vekter enn hannkalvar einskilde år. Trenden for vektutviklinga er likevel klar og syner at vektene går nedover. Å snu denne trenden slik ein har mål om vil ta noko tid og kan ikkje forventast å klare i løpet av nokre få år.

Oppsummering – status for bestandsutviklinga



Figur 9 syner kor mange dyr av ulike kategoriar som årleg er felt i perioden på venstre akse og tal felte hjort totalt på høgre akse.



Det har lenge hatt god vekst i bestanden og talet felte hjort har med litt årlege svingingar auka jamt gjennom heile perioden frå 153 felte hjort i 2010 til 243 i 2024.

Som figur 9 syner så er hovudtyngda av auken i uttaket ein har hatt dei seinare åra gjort ved å ta ut fleire kalvar. Det er ein liten auke av koller og fjorkoller medan tala for hanndyr vore rimeleg likt. Fordelinga av avskytinga har såleis vore positivt i høve å auke gjennomsnittsalderen til dyra i bestanden.

Utviklinga av indeksen for Sett kolle per bukk syner ikkje teikn til at det vert meir hanndyr i høve hodyr og ligg ein god del over målet om å få denne til 1,5 eller lågare. For å betre kjønnsbalansen og få meir eldre hanndyr i høve hodyr må jaktuttaket framover ha ei større overvekt av hodyr enn dei siste åra.

Indeksen for Sett hjort per jegerdag er aukande og ikkje i samsvar med målsetjinga om bestandsreduksjon.

For å klare målet om bestandsreduksjon slik forvaltningsstrategien har mål om må totaluttaket aukast dei fyrtse åra.

For å snu den negative trenden i utviklinga av slaktevektene treng ein noko tid. Å redusere bestanden, auke gjennomsnittsalderen og betre kjønnsbalansen slik ein har mål om er dei beste tiltaka for å klare dette.

Magnus Frøyen
Norsk hjortesenter

